

Protokoll frå årsmøte 2023

i Hordaland Nei til EU

Tid: 24. mars 2023, 18.00 - 20.30,

Stad: Scandic Bergen City, Håkonsgaten 2, Bergen

1. Opning
Leiar Toril Mongstad opna møtet.
Årsmøtet tok ei stunds stillhet for Oddvar Skre som gjekk bort i sommar.
2. Helsingar til årsmøtet
Einar Frogner, leiar i Nei til EU, helsa årsmøtet.
Amina Ødegaard Prestbakk, fylkesleiar i Rogaland NtEU, helsa frå Rogaland NtEU
Magnar Nomedal, nestleiar i Vest Agder NtEU, helsa frå Vest Agder NtEU
3. Konstituering av årsmøtet
 - Opprop v/Toril Mongstad
Tilstades 31 personar der 26 har stemmerett.
 - Godkjenning av innkalling og sakliste v/Toril Mongstad
Vedtak: Innkalling og sakliste vedtatt utan merknader.
 - Val av møteleiarar og ordstyrarar
Vedtak: Sigmund Simmenes vart vald som møteleiar
 - Val av møteterferantar
Vedtak: Hildur Straume og Frode Mannsåker vart valde
 - Val av to personar til å underskriva protokollen
Vedtak: Agathe Børretzen og Arnulf Hjelmtveit vart valde
4. Årsmelding 2022.
Toril Mongstad la fram årsmeldinga.
Det står 2009 medlemmer pr 31/12-2022 i årsmeldinga. Det skal vera 2008. Av desse var 1855 betalande.
Vedtak: Årsmeldinga vart teke til orientering
5. Rekneskap, balanse og revisjonsmelding for 2022
Kasserar Hildur Straume la fram rekneskap og balanse. Rekneskapsførar Frode Mannsåker la til at på note 4, Tilskot Kr 31 400, skal det vera Bergen og Hordaland Ungdom mot EU.

Revisor Frank Mo la fram revisjonsrapporten.
Vedtak: Rekneskapen vart samrøystes godkjent.

6. Arbeidsplan 2023 (fram til årsmøtet 2024).
Sigmund Simmenes la fram arbeidsplanen.
Vedtak: Arbeidsplanen samrøystes vedteke
7. Budsjett 2023.
Hildur Straume la fram styrets budsjettforslag
Desse hadde ordet: Jane Nordlund, Daniel Ducrocq, Solveig Grønlien,
Toril Mongstad, Einar Frogner
Vedtak: Budsjettet vart samrøystes vedteke
8. Rapport frå UmEU.
Kim René Hamre la fra rapporten
Vedtak: Rapport frå UmEU vart tatt til orientering
9. Innkomne framlegg og årsmøte - fråsegner
 - Toril Mongstad la fram fråsegna *EU sin plan for fornybar energiutbygging - RePoweEU og energipakke 4*
Vedtak: Fråsegna samrøystes vedteke. Fråsegna skal sendast ut til avisene i Hordaland
 - John Dale la fram fråsegn om *oppseiing av EØS-avtalen*.
Terje Kollbotn føreslo følgjande tillegg etter 3. avsnitt: "Påstanden frå dei fremste EØS-tilhengjarane i 1992 om at avtalen ikkje omfatta eller ville få vesentlege konsekvensar for norsk energipolitikk, har vist seg å vere fullstendig grunnlause og usanne"
Vedtak: Fråsegna samrøystes vedteke med Terje Kolbotn sitt tillegg.
Fråsegna skal sendast ut til avisene i Hordaland.
10. Val
 - Valkomitéen v/ leiar Jane Nordlund la fram si innstilling

Desse vart valde ved akklamasjon:

Toril Mongstad, leiar, attval	frå Alver
John Dale, styremedlem, attval	frå Vaksdal
Hildur Straume, styremedlem, attval	frå Bergen
Anna Ulrika Nordlund, styremedlem, attval	frå Alver
Sigmund Simmenes, styremedlem, attval	fra Vaksdal
Anita Vadset, styremedlem, NY	frå Øygarden

Sigmunn Rørvik, styremedlem, NY frå Masfjorden

Agathe Børretzen, 1. vara, tidlegare styremedlem frå Etne
Gunnar Rutle, 2. vara, tidlegare styremedlem frå Bergen
Frode Mannsåker, 3. vara, attval frå Bergen

Frank Mo, revisor, attval frå Bergen

I tillegg vil Ungdom mot EU ha fast plass i styret med ein representant.
Det vart opplyst at Kim René Hamre er vald til denne plassen.

Leiar for Bergen NtEU (for tida Tor Sander) har fast plass som observatør i styret.

- Val av valkomité til neste årsmøte
Jane Nordlund, leiar, attval frå Alver
Daniel Ducrocq, attval frå Alver
Jorunn Skistad Holsen, attval frå Osterøy
(det har ikkje lukkast styret å få svar frå Jorunn).
Vedtak: Samrøystes vedteke. Styret får fullmakt til å supplera valkomitéen dersom Jorunn skulle takka nei.

11. Avslutning
Attvald leiar Toril Mongstad takka for tilliten og for eit godt årsmøte.

Møtet slutt kl 20.10.



Hildur Straume (Mar 28, 2023 22:09 GMT+2)

Hildur Straume
- referent -

 (Mar 30, 2023 19:53 GMT+2)

Frode Mannsåker
- referent -



Agathe Børretzen (Mar 28, 2023 22:22 GMT+2)

Agathe Børretzen
- protokollunderskrivar -



Arnulf Hjelmtveit
- protokollunderskrivar -